

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.03.2021

Handsaming i møte

Innkjøpsrutinar i vidaregåande skular:

Iril Schau Johansen (H) kom med slikt innspel send på e-post til medlemmene i utvalet før møtet:

«Kva rutinar har fylket for å fanga det opp, med tanke på regelverk om offentleg anskaffing og EØS-reglane, når ein leverandør sel ei teneste eller eit produkt til fleire av fylket sine einingar, som samla sett kjem opp i verdiar høgare enn terskelverdiane? Til dømes dersom fleire vidaregåande skular kvar for seg kjøper same teneste hjå ein og same tilbydar. Kvar eining handlar kanskje for under 100 000 kroner, men samla kan beløpet verta mykje høgare.»

Kontrollutvalet vart samde om å sende spørsmåla frå Iril Schou Johansen vidare til fylkesrådmannen og be om å få skriftleg og munnleg svar til møte i kontrollutvalet 10.05.2021.

Etikk i Vestland fylkeskommune:

Etter forslag frå sekretariatet vart kontrollutvalet samde om å be fylkesrådmannen komme i neste møte for å gjera greie for status når det gjeld arbeid med etikk i Vestland fylkeskommune. Dette kan t.d. omfatte kva som er gjort på området i 2020, kva som er planlagt gjort i 2021 osv.

Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Fylkesting i Rosendal skal haldast 16. - 17.06.2021. Det er planlagt ekstra politikardag 15.06.2021.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme med skriftleg og munnleg svar på spørsmåla til Iril Schou Johansen om innkjøpsrutinar i vidaregåande skular til møte i utvalet 10.05.2021. Det skriftlege svaret vert å sende sekretariatet innan 26.04.2021.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte for å gjera greie for status når det gjeld arbeid med etikk i Vestland fylkeskommune.